

Uskedal Vassverk SA

200906342-26
312
KSK/BiWi

Norges Vassdrags- og energidirektorat
Box 5090
0301 OSLO

Vår ref: brev nve

5463 Uskedalen, 01.07.2013

Dykkar saksnr. 200906342 – Kraftutbygging i Eikelva i Kvinnherad – motsegn:

Uskedal Vassverk SA er einaste vassverk for bygda Uskedalen, og leverar vatn til 420 abonnentar = omlag 1 000 personar. Inkludert i leveransen er også levering til næringsmiddelindustri, mjølkeproduksjon, skule, fleire barnehagar, omsorgsbustadar, butikk og servering i tillegg til vanlege husstandar.

Årleg vassforbruk ligg i underkant av 300 000 m³, og bygda er i ekspansjon, med omlag 100 tomter for bustader som skal byggjast ut.

Våre rettar går attende til 1950, då vassverket fekk løyve til ekspropriasjon av *«det som skal til av vatn og eigedom og rettigheter for anlegg av vassverk med inntak i Eikelva»*.

Når det gjeld tilhøve til grunneigarane, er ikkje denne retten omtvista.

Når det gjeld det som no skal skje med kraftutbygging i Eikelva, er vassverket i utgangspunktet positive til at grunneigarane får utnytta dei rettar dei har til det vatnet som vassverket ikkje har kjøpt og betalt for i 1950.

Det er likevel ikkje å leggja skjul på at vassverket er skeptisk til konsekvensane ei utbygging vil få. Dette gjeld i fyrste omgang den anleggsverksemda som skal til for å gjennomføra utbygginga. I neste omgang den risiko ein set vassverket i ved at ein gjennomfører eit slik inngrep. Dette gjeld fåre for forureining av nedslagsfeltet, og også forureining av vatnet. Ein må vera klar over at dette skal skje midt inne i drikkevassområdet som ei heil bygd er heilt avhengig av.

Etter at vi hadde møte med utbyggjar Clemens Elvekraft AS 19. juni i. å., har vi laga ein uttale som vi har sendt utbyggjar. Kopi av dette brev fylgjer vedlagt til orientering. Det må nemnast at vi har ein god dialog med utbyggjar.

Inntil utbyggjar har fått utarbeid ein konsekvensanalyse og ei risiko vurdering av utbygginga og at det er inngått ein skriftleg avtale mellom partane ber Vassverket om at omsynet til reint drikkevatt går føre

omsynet til kraftutbygging. Vatnet frå Eikelva er i dag godkjent av Mattilsynet etter dei siste Drikkevannsforskriftene frå Folkehelseinstituttet og det kravet gjeld også i framtida.

Før dette er på plass må dei samfunnsmessige interessene for reint og godkjent drikkevattn gå føre ei kraftutbygging i vassdraget.

På grunnlag av dette ber Uskedal Vassverk SA om at konsesjon ikkje vert gjeve før utbyggjar og Vassverket er kommen til einigheit gjennom ein skriftleg avtale mellom partane.

For Uskedal Vassverk SA



Hans Reidar Kjærland



Terje Myklebust

Vedlegg: Clemens Elvekraft AS

Uskedal Vassverk SA

Clemens Elvekraft as
Rolf Amundsen

sendt rolf.amundsen@clemenskraft.no

Vår ref: brev Clemens

5463 Uskedalen, 25.06.2013

Vi syner til møtet vi hadde 19. juni d.å., der vi fyrst hadde befarings på vassverket, og etterpå hadde møte om tilhøva som gjeld vassverket sine rettigheter til vatn i Eikelva. For vassverket møtte Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust. For Clemens Elvekraft Rolf Amundsen.

Vassverket orienterte om sine rettar, som vart tinglyst 1950. Rettane vart til gjennom løyve til ekspropriasjon av *«det som skal til av vatn og eigedom og rettigheter for anlegg av vassverk med inntak i Eikelva»*.

Denne retten vart kjøpt og betalt, og storleiken av betalinga vart fastsett i skjønn og overskjønn hausten 1949.

Vassverket leverar vatn til bygda Uskedalen, og Eikelva er einaste vassskjelde som ihht Drikkevassforskriftene er godkjend for dette føremålet.

Løyvet til uttak av vatn frå Eikelva vart spesifisert til *«alt det vatn som kan renna i ei 6 toms røyr frå 85 mtr over havet»* Dette tilsvarar omlag 70 ltr pr sekund.

Vassverket er i utgangspunktet positive til at grunneigarane får utnytta det som er att av vatn i elva, etter at vassverket har fått sitt vatn.

Det er allikevel ikkje å leggja skjul på at vassverket er skeptisk til konsekvensane ei utbyggjing vil få. Dette gjeld i fyrste omgang den anleggsverksemda som skal til for i gjennomføra utbyggjinga. I neste omgang den risiko ein set vassverket i ved at ein gjennomfører eit slik inngrep. Dette gjeld fåre for forureining av nedslagsfeltet, og også forureining av vatnet.

I samband med dei omsøkte planane om kraftutbygging i Eikelva ser Uskedal Vassverk SA seg nøydd til i stilla mellom anna fylgjande betingelsar:

A. Konsekvensanalyse for utbygginga mht framtidig vannmengde og vannkvalitet. Denne skal utarbeidast av firma Vannplan v/Trond Lone, og kan leggjast fram 15. september d.å. Kostnader med dette vert å dekkja av utbyggjar/grunneigarar.

B. Vassretten vi allreie har kjøpt og betalt tidleg i -50 åra skal innbakast og spesifiserast i avtaledokumenta, og kalkulert vassmengde i ltr/sek, samt storleiken på nedslagsfeltet skal spesifiserast. Dette basert på ei fallhøgde frå kote 85.

C. Vasskvalitet etter utbyggjing skal ikkje vera forringa, og Uskedal Vassverk kan dokumentera fargetal og transmisjon tilbake til tidleg på -90 åra. Dette gjeld også vasskvaliteten i reserveinntaket vårt på kote 85.

Utbyggjar/grunneigarar lyt syta for prøvetaking, og bera kostnaden med dette. Antal prøvar og kor det skal takast prøvar, vil verta spesifisert i konsekvensanalysen.

D. Uskedal Vassverk forutset at alle utgifter med handtering av utbyggjinga fell på utbyggjar/grunneigarar, og at Vassverket ikkje har noko form for utgifter. Dette gjeld også nødvendige kostnader med juridisk bistand mht til utarbeiding av avtalar og med kontakten med NVE

E Evt kostnader med ny dokumentasjon til Mattilsynet og mulige gebyr i samband med dette vert å betala av utbyggjar/grunneigarar.

F Dersom utbyggjar/grunneigarar vel å skaffa vassverket vatn frå deira inntaktdam på kote 233, lyt dette ha redusert trykk til det trykk som er høveleg for vassverket. Denne trykkreduseringsventilen skal vera utbyggjar/grunneigarar sitt ansvar å halda vedlike. Same gjeld sjølv sagt også for evt ny røyrgate, som må ha same dimensjon som den vi nyttar i dag.

Vi har gjennom mange år vore nøydd til å ta i bruk eit reserveinntak som ligg i ein høl på ca kote 85. Dette når vassmengda i elva er liten grunna tørke eller frost.

Det er vår erfaring av vassmengda i elva i denne hølen er større enn den vi finn lenger inne, der vi har hovedinntaket vårt. Dette er naturleg, då nedslagsfeltet til denne hølen er større enn lenger inne.

Altså er vår meining at elva er mindre vassførande til lenger inn ein kjem.

Vi fryktar at kraftutbygginga kan føra til at vi i framtida lyt nytta reserveinntaket meir og oftare enn vi har hatt behov for til no, noko som gjev oss auka driftsutgifter i form av straum og arbeid med rigging av pumpe. Desse evt auka kostnadane lyt berast av utbyggjar/grunneigarar.

G Etter at utbyggjinga er ferdigstillt, lyt det utarbeidast ein risikoanalyse som dokumenterar at risiko for sviktande vannkvalitet, stabilitet og kapasitet ikkje er forringa og at vassverket dermed kan oppretthalda sin godkjenningsstatus. Denne risikoanalysen lyt bekostast av utbyggjar/grunneigarar.

Vi tek atterhald om at konsekvensanalysen kan føra til at her kjem inn moment som ein ikkje har teke omsyn til, og som vil verta sett som betingelsar i tillegg.

Som ovaforståande sikkert gjev inntrykk av er vassverket usikre på kva eit inngrep av denne stroleik vil medføre.

For vårt vedkomande kan vi sei at kraftutbyggjinga berre kan gjennomførast dersom forsyninga til vassverket vert sikra same kvalitet og kvantitet som om kraftverket ikkje hadde vorte utbygd.

For Uskedal Vassverk sa

Hans Reidar Kjærland Terje Myklebust